

**Ny flyrute opna**

15.04.2013

**Det vart i føremiddag føreteke offisiell opning av Danish Air Transport AS (DAT) si nye flyrute frå Stord til Molde. Ruta startar i Stavanger og går via Stord og Florø til Molde mandag morgon**

Torsdag ettermiddag er det retur frå Molde via Florø til Stord og Stavanger. Ruta vert sett opp etter ynskje frå Kværner Stord som har tilsette som vekependlar til Molde i samband med arbeid på Ormen Lange-prosjektet på Aukra.

Ruta vert operert med ein Dash8/100 med 37 passasjerseater. Før avgang i dag serverte lufthamnselskapet marsipankake til passasjerane. Harald Årvik frå Kværner Stord fekk saman med arbeidskollegaene sine det ærefulle oppdraget med å klippa snora i samband med opninga av den nye flyruta.

**Rutetider mandagar**

DX-1101 SVG 07.25 – SRP 07.50

DX-1101 SRP 08.05 – FRO 08.45

DX-1101 FRO 09.00 – MOL 09.35

**Rutetider torsdagar**

DX-1106 MOL 15.10 – FRO 15.45

DX-1106 FRO 16.00 – SRP 16.35

DX-1106 SRP 16.50 – SVG 17.15